



Alver kommune
Att:
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Alver kommune - Uttale til reguleringsplan for Fv 57 for gang/sykkelveg mellom Lindås tettstad og Mongstad - Ny høyring

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 08.02.2021 om ovannemnde sak.

Kort om planen

Gang- og sykkelveg på Fv. 57 mellom Lindås og tettstad og Mongstad er lagt ut på ny høyring, etter at det vart gjort endringar i planforslaget etter at planen låg ute til offentleg ettersyn i 2018. Planområdet er på ca. 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås og Mongstad. Planforslaget legg til rette for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Vi kan ikkje sjå at vi har gjeve uttale til denne planen tidlegare, men vi vil kome med eit par presiseringar i høve kartlagte fiskeridata. I planomtala på side 33. kap. 6.9.4 *Vilt- og fiskeressursar* står det at dei to låssettingsplassane Rossnesvågen og Knarrviksviki er utelatne frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy «i siste versjon» og at dette tyder på at dei ikkje lenger er i bruk. Vi veit ikkje på kva tidspunkt planleggar var inne og sjekka denne informasjonen, men desse låssettingsplassane ligg fortsatt inne blant våre registrerte kystenære fiskeridata i kartverktøyet [Yggdrasil](#). Vi må likevel legge til at vi ikkje har nyare data om bruken av låssettingsplassane.

Vi føreset at det også vert lagt opp til avbøtande tiltak for inngrep som kan få negative følger for gytefeltet og fiskebruksområdet som ligg i og tett opp mot planområdet, og at

dette vert sikra i føresegnene på lik linje med avbøtande tiltak for ferskvassførekomstane.

Torsken gyt i perioden månadskiye januar/februar til og med april og yngelen bunnsår og veks opp i grunne område (0 – 20 meter) i nærleiken av gytedefeltet i perioden mai – juni. I dette tidsrommet er fisk og yngel ekstra utsett for ytre påkjenning. Yngelen er særleg ømfintleg for steinstøv/partiklar frå sprenging og utfylling, og torskefisk er ekstra utsett for påverknad frå sprenging fordi dei har lukka svømmeblære.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
---------------	------------	------	----------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

